

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FA - B14	17/1050

Saknr	Utval	Type	Dato
104/2017	Formannskapet	PS	07.11.2017

## Rammetimetal skuleåret 2018-19

### Vedlegg:

#### Journalposttittel

OVERSYN OVER ELEV-, KLASSE- OG TIMETAL VED SKULANE 2018-19

#### Dato

30.10.2017

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Framlegget til rammetimetal for skuleåret 2018-19 vert vedteke slik det går fram av saksutgreiinga.**

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunestyret vedtek rammetimetalet i samband med budsjetthandsaminga kvar haust. Rammetimetalet fortel kor mange lærartimar ein legg opp til å bruka på kvar skule det komande skuleåret. Rammetimetalet har vore gjennomarbeidd av rektorane i budsjettprosessen. Rektorane har sett opp framlegg til rammetimetal for eigen skule så godt det let seg gjera i samsvar med tildelt budsjettramme. Rådmannen har deretter handsama rammetimetalet med vekt på å få til ei likeverdig tildeling mellom skulane. For å få betre budsjettbalanse har rådmannen i samråd med rektorane måtta spara inn nokre timar. Oversyn over rektorane sine framlegg og rådmannen sin gjennomgang ligg ved. Lønsbudsjettet for kvar skule vil så bli sett opp i samsvar med vedteke rammetimetal.

#### Fakta/ Vurdering

Etter vedtak i formannskapet i sak 112/2016 vart rammetimetalet for skuleåret 2017-18 sett til 744 timar pr. veke. Det var 9 timar mindre enn skuleåret før. Kommunestyret vedtok i sak 30/2017 å auka rammetimetalet for skuleåret 2017-18 med 18 timar pr.veke. Dette er eit resultat av at regjeringa har løyvd øymerka midlar til fleire lærarar i småskulen. Rammetimetalet for skuleåret 2017/18 er då på 762 timar pr. veke. Når rådmannen går inn for ein ytterlegare auke i rammetimetalet frå hausten 2018, har det samanheng med elevtalet. Talet på elevar stig frå 215 til 227 frå inneverande skuleår til neste. Det er ei positiv og ønska utvikling. Største auken kjem på Nordbygda skule der elevtalet går opp frå 91 til 101. Det fører og til fleire klassar fordi elevtalet i klassar som i utgangspunktet kunne gått saman, blir for høgt i høve til dei reglane me styrer etter på det området. Av pedagogiske

grunnar vil difor ikkje rådmannen redusera talet på klassar.

Det blir ei utfordring å finna dekning for lønsmidlane som følgjer av dette timetalet. Me kan rekna med statstilskot til fleire lærartimar i småskulen også i budsjettet for 2018. Kor stort det tilskotet vert, er ikkje klart enno.

### **Konklusjon**

Rådmannen vil fremja rammetimetalet for skuleåret 2018-19 for alle tre skulane slik det no ligg føre og innafor vedteke budsjett 2018.

1 Det endelege rammetimetalet for skuleåret 2018-19 vert fastsett innanfor dei vedtekne rammene for budsjettet 2018 til 770 t/v.

2 Timane skal dekkja:

a) Timar etter fag- og timebyteplan

b) Delingstimar

c) Kontaktlærartenesta

d) Sosialpedagogiske tenester/rådgjeving

e) Timar til spesialpedagogiske tilleggssressursar etter søknad i skulen og førskulealder (§5-1 i Opplæringslova)

f) Spesialpedagogiske timar til vaksne

3 I tillegg kjem timetalet til morsmålsundervisning og norskopplæring for framandspråklege.

4 Timane etter fag- og timebyteplan og sosialpedagogiske tenester/rådgjeving vert fordelte av rådmannen til skulane i samsvar med vedlagde utgreiing.

5 Rådmannen får fullmakt til å gjera nødvendige overføringar av lønsmidlar mellom skulane som ein konsekvens av vedteke rammetimetal.

6 Rådmannen får fullmakt til å følgja opp rammetimetalet og gjera mindre endringar innanfor vedtekne budsjetttrammer for oppvekstsektoren dersom det oppstår nye/uføresette brukarbehov.

### **Formannskapet - 104/2017**

#### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Senterpariet ønskjer belyst konsekvensar av, at 1 og 10.klasse ved alle skulane ikkje skal inngå med andre klassetrinn, til formannskapsmøte 28.nov.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **FS - vedtak:**

**Framlegget til rammetimetal for skuleåret 2018-19 vert vedteke slik det går fram av saksutgreiinga.**

